



NVE

Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo
Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside

For mer informasjon les mer på:

[NVEs hjemmeside](#)

Fortsett med høringsuttalesen

Ja

Personopplysninger

Navn

BRITT MARIT WIDDING

Kontaktinformasjon

Er søker et selskap under stiftelse?

Søker er et selskap under stiftelse

Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger

Innsending av høringsuttalelse til NVE.

NVEs saksnr.:	Sakstittel
202320330	Røldal-Suldal - Opprustning og Utvidelse av kraftverk

Høringsuttalelse

Høringsuttalelse

Innspel frå Britt Marit Widding:

Eg har nyleg teke over ein gard i Røldal. Garden har djupe røter i Røldal og Valldalen.

Valldalen var min familie sin stølsdal før utbygginga i Valldalen. Familien min har budd i Røldal i generasjonar. Det forundrar meg derfor kor lite grunneigarar og lokale sit igjen med i forhold til Hydro og Lyse, som historisk sett ikkje har hatt noko med Røldal å gjere.

Gjensidige avtalar mellom partane er for eksempel omgjort til einsidige fordeler for Hydro. Slik har det vore heile tida etter at dei etablerte seg i Røldal. Gradvis har det blitt verre. Me som vel å bli buande i bygda vår sit att med stadig færre ressursar og mogelegheiter lokalt. Som medlem av Røldal Bygdelag, som grunneigar, og som «røldøling» ser eg på det som mi plikt å formidle at me ikkje synes måten me har blitt behandla på er grei i det heile teke. Det er også faktum at denne utbygginga er ei utbygging som ikkje fører til meir straum for forbrukarane. Berre meir effekt. Noko Hydro og Lyse bevist prøver å skjule. Dei reklamerer for prosjektet med «større produksjon», sjølv om dei innerst inne veit at forbrukarane kjem til å sitje att med mindre straum totalt sett. Og mest sannsynleg dyrare straum også.

Framkomst og sikkerheit i Valldalen:

Grunneigarar sine eigendomar i Valldalen er direkte råka av konsekvensane av kraftutbygginga. Det same er folk på Våtna, ved Røldalsvatnet og fleire andre stadar i og

rundt Røldal. Av erfaring veit eg at dei som ynskjer å bruke hyttene sine, unngår å gjere det, på grunn av redsel for eigen tryggleik. Slik bør det absolutt ikkje vera når ein del av avtalen var at eigendomane, spesielt i Valldalen, skulle kunne nyttast likt som før utbygginga. Isen på vatnet i Valldalen er svært uthygg. Det same kan ein seie om vegen innover i dalen. Når alt kjem til alt er det stort sett ingen trygg måte å ta seg innover i dalen på, slik det var før utbygginga fant stad. Spesielt på vinterstid. Mi oppfatning er at Hydro, gjennom si tid som utbyggjar og driftar av anlegga, har gjort minimalt for å imøtekommeste desse bekymringane lokalt. Og no vil dei gå i gang med ei forverring, utan å gjere noko som helst endring til det betre for oss lokalt. Eit anna stort problem, som eg meier at Hydro, og no Lyse, burde ta tak i er mobildekninga i dalen. Med uthyggje, og tidvis uframkommelege vegar og trasear innover i dalen, er det viktig at ein har mogelegheit til å kontakte nokon om det skulle skje noko. Og det er vidare viktig at andre i dalen har mogelegheit til å motta meldingar og signal frå andre som er i fare.

Økonomiske konsekvensar:

Elles er det mi oppfatning at grunneigarar, generelt sett, har opplevd økonomiske ulemper og tap som eit resultat av reguleringane. Til dømes har fleire mista mogelegheita til å drive med fiske på ein føreseileg måte, fordi at vassnivået er så ustabilt. Dette har øydelagt fleire båtar, og i dag må enkelte klare seg med ustabile aluminiumsbåtar som ein ikkje kan bruke heile tida. Henting av ved er også vanskelegare for mange av dei som har eigendomar på «feil side av vatnet», men også dei som har hytte på same side som vegen går. Elles er det naturlegvis, og bort imot, umogleg å drive med noko form for næring i dei største delane av dalen.

Prosessens vidare:

Røldal vart lova mange arbeidsplassar som Røldal har mista ut av fylke og kommune. Det var og eit premiss for konsesjonen at staten skulle overta etter 60 år. At private no skal få lov til å fortsetje å hente ut enorme verdiar, i og rundt bygda, ved å rasere naturen endå meir, er smått utruleg. Spesielt om det ikkje vert ytterlegare kompensert på ein eller anna betydeleg måte. Me grunneigarar, og lokalt busette, forventar derfor at NVE set skapet på plass og kjem med tydelege krav til Hydro og Lyse når ein tek nye steg i prosessen. Alt anna vil frå vår ståstad vere heilt uaktuelt. Det er heller ikkje ubetydeleg at heimfallsretten er utvaska, og at fellesskapet får mindre glede av verdiane som blir skapt. Det bør også kompenserast på fornuftig vis.

Konklusjon:

Eg meier at konsesjonsvilkåra bør løftast opp til ny behandling. Eller at Hydro og Lyse blir pålagte tydelege krav, som fører til faktiske miljømessige og lokale forbeteringar. Det er kanskje ikkje vanleg at utbyggjar får store krav inkludert i konsesjonar som denne, men dette er ingen vanleg sak. Det er ein svært sår historikk og det er på alle mogelege måtar ein unik sak med ein unik historie. Vi kan ikkje akseptere ein situasjon kor ein ikkje kan bruke eigne eigendomar, slik ein kunne før neddemminga. Dei nye utfordringane vi no står ovanfor, spesielt med tanke på pumpekraftverk, vil gjere det endå verre.

Her er noko eg meiar må på plass som ein del av prosessen, som skulle vore på plass allereie:

- Det må på plass sikker tilkomst i Valldalen vinterstid og sumartid.
- Oppseiing av alle inngåtte avtalar med grunneigarar; nye avtalar må forhandlast fram - og vere balanserte.
- Kompensasjon som reflekterer dei tapa vi har lidd som grunneigarar og lokalsamfunn
- Moglegheit til å drive eigedomane året rundt, med hjelp av trygg tilkomst.
- Moglegheit til å fiske om sommaren utan å måtte dra båtane opp og ned dagleg.
- Regulering av HRV og LRV i ulike sesongar for trygg bruk av dei ulike vatna, spesielt med relativt fulle reguleringsmagasin om sommaren.
- Ein trygg Valldalsveg inn om sommaren.
- Driftsansvar for vegen må overførast tilbake til Hydro/Lyse.

Innsending av høringsuttalelse

- Parkeringsplassar ved Bråstøl/dammen vinterstid.
- Valldalsvegen må vere opna seinast til pinse kvart år.
- Ved revisjonar må det vere tilgang til Valldalen.
- Mobildekning i heile Valldalen.
- Kommunen må kompenserast for tapte inntekter, som følger av at Hydro og Lyse omgikk heimfall.
- Forbedre båtopptrekk i alle aktuelle vatn.
- Bedre forholda til fisk i alle vassdrag, og bedre forhold for reinsdyr som forflytter seg.

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

Vedlegg bilder